

Fra: Anders Sandøy <anders.sandoy@rostein.com>
Sendt: 18.03.2025 12:39:28
Til: Postmottak Møre og Romsdal fylkeskommune <post@mrfylke.no>
Emne: 24/9459.

Advarsel: Denne avsenderen er ekstern. Ikke klikk på linker eller åpne vedlegg fra avsendere du ikke stoler på.

Hei, har eit innspill til løsning på bru på finnnøymolen. De kan bare jamne den ned og fylle i hullet. Det er minimalt med trafikk som passerer under brua ila et år, så kostnaden og ulempen med å ha ei bru der veier ikkje opp for bruken.
Mvh Anders Sandøy

Mobil 91629140

Emne: Saksnr: 24/9459

Kopi: Nina Hageselle <ninahageselle@hotmail.no>

Til: Per Gunnar Løset <per.gunnar.loset@mrfylke.no>

Sendt: 27.02.2025 14:53:57

Fra: Bjørn Lyngstad <bjorn@lyngstad.com>

You don't often get email from bjorn@lyngstad.com. [Learn why this is important](#)

Advarsel: Denne avsenderen er ekstern. Ikke klikk på linker eller åpne vedlegg fra avsendere du ikke stoler på.

Hei!

Har mottatt et varsel vedr. utbedring av moloveien til Finnøya. Jeg er medeier i tomten ved sjøkanten og nærmest veien.

Slik jeg oppfatter dette, er det bare området mellom de to små holmene som er omringet/merket av på vedlagte kart, som blir berørt av arbeidene og at vårt område ikke blir berørt annet enn noe endret utsikt, men heller ikke byggverk som tar utsikt fra oss.

Fint hvis denne oppfatningen kan bekreftes!

mvh

Bjørn Lyngstad

Vår saksbehandlar
Monica Drage Thorbjørnsen

Dokumentdato
21.02.2025
Dykkar dato

Vår referanse
2025/45-186
Dykkar referanse
2024/9459

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 2500
6404 MOLDE

Automatisk tilbakemelding - Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Detaljregulering for del av Fv. 659 – Finnøybrua - gbnr. 803/206 m.fl. - Ålesund kommune

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) viser til plansaka som de har sendt på høyring. DSB har diverre ikkje kapasitet til å gå inn i alle mottekne plansaker og sender difor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker.

Det er Statsforvaltaren som skal følgje opp at omsynet til samfunnstryggleiken er teken hand om i plansaker. Statsforvaltaren har også eit ansvar for samordning av statlege innseiingar til kommunale planar.

DSB har innseiingskompetanse etter plan- og bygningslova i plansaker som råkar følgjande område:

- Verksemder som handterer farlege stoff medrekna storulukkeverksemder
- Transport av farleg gods
- Branntryggleik medrekna tunellar og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistrikta)

Sidan Statsforvaltaren har eit overordna ansvar for å følgje opp samfunnstryggleik i planar, vil også desse områda kunne inngå som ein del av Statsforvaltarens si oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvaltaren og vil gje fagleg innspel til Statsforvaltaren om det er naudsynt.

Om det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaka, bed vi om at høyringa sendast inn til DSB på nytt med tydeleg oppgjeving av kva tilhøve det bedast om uttale frå DSB til.

Dersom plansaka gjeld areal knytt til etablert storulykkeverksemd eller areal der ein planlegg etablering av anlegg som sikkert eller kanskje vil bli storulykkeanlegg, ber vi også om at høyringa blir send DSB på nytt. Det må gå fram av oversendinga at saka gjeld plansak knytt til anlegg omfatta av storulykkeforskrifta.

Vi viser elles til www.dsb.no for DSB sin rettleiar om samfunnstryggleik i arealplanlegginga til kommunen og rettleiar om tryggleiken rundt storulykkeverksemdar.

Med helsing
for Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
Arkiv

Dokumentet er godkjend elektronisk og sendast derfor utan underskrift.

Postadresse
Direktoratet for
samfunnstryggleik og beredskap

Postboks 2014
3103 Tønsberg

Kontoradresse
Rambergveien 9, 3115 Tønsberg

E-post
Postmottak@dsb.no

Telefon
33 41 25 00

Internett
www.dsb.no

Organisasjonsnummer
974 760 983

Møre og Romsdal fylkeskommune

Att:

Postboks 2500

6404 MOLDE

Fiskeridirektoratets uttale til varsel om oppstart – detaljregulering for del av Fv. 659 – Finnøybrua – Ålesund kommune

Vi viser til oversending datert 19.02.2025.

Saka gjeld

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for å erstatte dagens bru på fv. 659 mellom Harøya og Finnøya med ny bru, forbedring av kurvatur og tilpassing til dagens veg på begge sider av brua.

Planavgrensinga omfattar areal i sjø. Det er planlagt utfylling i sjø og at seglingshøgda under brua skal oppretthaldast til 4 meter ved høgaste høgvatn (HAT). I anleggsperioden kan det bli avgrensingar i båttrafikken, ved at sundet i periodar må stengast og at mellombels bru for trafikkavvikling vil ha lågare seglingshøgde.

Fiskeridirektoratet si rolle i saka

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Vi skal medverke i planlegging etter plan- og bygningslova i kyst- og sjøområde når fiskeri- og akvakulturinteresser, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane, vert berørt.

Generelle råd om arealplanlegging for fiskeri og akvakultur

På nettsida [Arealplaner \(fiskeridir.no\)](https://www.fiskeridir.no/Areal-og-miljo/Areal/Arealplaner)¹ har Fiskeridirektoratet samla si generelle planretteiing om fiskeri og akvakultur. Der informerer vi og gjev råd om mellom anna

- arealbehovet til sjømatnæringane
- kunnskapsgrunnlaget i kartløysninga «Yggdrasil»
- kriterium Fiskeridirektoratet nyttar for å vurdere kva spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning innanfor saksområda fiskeri, og tang- og tarehausting, jamfør plan- og bygningslova § 5-4
- korleis fiskeri- og akvakulturinteresser kan sikrast i plankart og -føresegner

¹ <https://www.fiskeridir.no/Areal-og-miljo/Areal/Arealplaner>

Fiskeridirektoratet har per i dag ikkje innspel til varsel om oppstart utover dei som følgjer av den generelle rettleiinga på nettsidene våre.

Vidare planprosess

Fiskeridirektoratet ber om å verte høyrte når planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn. Vi tek atterhald om at vi då kan ha merknader til planen.

Med helsing

Tom Hansen
seksjonssjef

Cecilie Marie Åshamar
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

Mottakarliste:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE
-------------------------------	---------------	------	-------

Kopi til:

Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Statsforvaltaren i Møre Og Romsdal	Postboks 2520	6404	Molde
Sør-Norges Fiskarlag	Postboks 936	6001	Ålesund





KYSTVERKET

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 MOLDE

Dykkar ref
24/9459 - 25/20348

Vår ref
2024/4022-7

Arkiv nr

Sakshandsamar
Tormod Hjørungnes Engen


Dato
21.03.2025

Fråsegn ved varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Detaljregulering for del av Fv. 659 – Gbnr. 803/206 mfl - Finnøybrua - Ålesund kommune - Møre og Romsdal fylke

Vi viser til dykkar meldingsbrev av 19.02.2025 som gjeld ovannemnde planarbeid. Siktemålet med planarbeidet er å legge til rette for å erstatte dagens bru på fv. 659 mellom Harøya og Finnøya med ny bru, forbedring av kurvatur og tilpassing til dagens veg på begge sider av brua.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsla på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «lov om havner og farvann.» Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg bruk av hamn og farvatn samstundes med omsyn til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.


Vår vurdering



Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



I forkant av planoppstart har regulant og Kystverket i samråd avklåra ein del føringar for reguleringa/tiltaket som vil støtte Kystverket sine omsyn etter hamne- og farvasslova, mellom anna forhold som bruhøgd, seglingsbreidd og naudsynte mellombelse ordningar ved gjennomføringa av reguleringstiltaket. Kystverket har såleis ikkje særskilt meir å føye til oppstarten av planarbeidet, men ber om å verte halden orientert undervegs med føremål om ytterlegare avklåringar av potensielle nautiske problemstillingar som vil kunne melde seg i løpet planprosessen.

Vi gjer i tillegg merksam på at reguleringstiltaket og gjennomføringa av det kan påverke ferdse og tryggleik i farvatnet og vil då vere søknadspliktig etter hamne- og farvasslova § 14. Etter reglane i hamne- og farvasslova er det Kystverket som har mynde til å handsame søknaden og vurdere tiltaket opp mot omsyna i lova og elles til anna bruk av sjøarealet.

Med helsing

Ruben Alseth
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet
Statsforvalteren i Møre og Romsdal
Ålesund kommune

Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Postboks 2520	6404	MOLDE
Postboks 1521	6025	ÅLESUND

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 MOLDE

Deres ref: 2024/9459
Vår ref: 2025/47391
Dato: 18.03.2025

Uttalelse til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Ålesund kommune - Detaljregulering for del av FV 659 - Finnøybrua - Gbnr. 803/206 m.fl.

Viser til deres brev datert 19. februar 2025 med referanse 24/9459 – 25/20348, der dere ønsker eventuelle innspill til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for ny bru mellom Harøya og Finnøya på fylkesvei 659.

Formålet med planarbeidet er å erstatte dagens bru med en ny bru etter dagens standarder. I forbindelse med tiltaket blir det noen fyllinger i sjøen.

Mattilsynet sitt ansvar og medvirkning

Mattilsynet er et statlig, landsdekkende forvaltingsorgan som mellom annet ivaretar forhold rundt drikkevann, men også innen planter, dyr, fisk og næringsmidler. Som høringsinstans har vi i oppgave å bidra til å ivareta nasjonale, regionale og lokale interesser innenfor våre forvaltningsområder.

Innspill

Vi har vurdert saken ut ifra hensyn til drikkevann, akvakultur, fiskehelse, fiskevelferd, dyrehelse, dyrevelferd, plantehelse og næringsmidler.

Når det gjelder drikkevann skal tiltaket ikke berøre vannledningen, siden denne ligger lenger øst for tiltaket.

Akvakulturanlegg ligger heller ikke i umiddelbar nærhet til tiltaket. Nærmeste anlegg er Sandholmane, nordøst for Orta. Skal det sprenges i sjøen, vil vi oppfordre til at eierne av de nærmeste anleggene får uttale seg i saken. Oversikt over akvakulturanlegg finner dere blant annet her: [Akvakultur](#).

Vi minner om at det ikke er tillatt å spre planteskadegjørere og ugras, som er et område Mattilsynet forvalter. Vi viser til veileder som finnes på våre hjemmesider: [Hvordan unngå å spre planteskadegjørere og ugras ved anleggsarbeid og flytting av jord | Mattilsynet](#).

Ellers viser vi til hjemmesiden vår der dere kan finne nyttig informasjon: [Reguleringsplanar og Mattilsynet sitt fagområde - kva må du tenke på? | Mattilsynet](#)

Konklusjon

Vi kjenner ikke til andre forhold enn det som er nevnt ovenfor som vil ha innvirkning på våre forvaltningsområder i denne planen, og vi har derfor ingen flere merknader til saken.

Med hilsen

Per Hallgeir Mørkeseth
seniorinspektør

Lennart Floyd Berge
seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved



Møre og Romsdal Fylkeskommune
Postboks 2500
6404 MOLDE

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	25/7219 - 25/55290	Ingeborg Forseth - 712 80 155	19.03.2025

Ålesund kommune - detaljregulering - reguleringsplan for del av fv 659 Finnøybrua - gbnr 803/206 mfl - uttale ved oppstart

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Saka gjeld oppstart av detaljregulering for del av Fv. 659 – Finnøybrua - gbnr. 803/206 m.fl. i Ålesund kommune. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for å erstatte dagens bru på fv. 659 mellom Harøya og Finnøya med ny bru, forbedring av kurvatur og tilpassing til dagens veg på begge sider av brua.

Det er Møre og Romsdal fylkeskommune som sjølv er tiltakshavar, og oppstartsvarsel har vore gjennom intern høyringsprosess. Vi har ikkje ytterlegare merknader til oppstartsvarsel.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Norges Vassdrag- og energidirektorat
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Vår dato: 17.03.2025
Vår ref.: 202505157-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 24/9459

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Fv. 659 Finnøybrua på gnr. 803 bnr. 206 mfl. i Ålesund kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 19.02.2025.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndende med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE prioriterer å gi konkrete innspel og uttala til reguleringsplanar det det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle varsel om oppstart til reguleringsplanar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVE si generelle rettleiing

NVE sin [kartbaserte rettleiar for reguleringsplan](#) er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi rår dykk også til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.



På NVE sine nettsider finn de også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på [NVE sine kartløyningar](#).

Meld inn fareutgreiingar

Alle nye naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 er pliktig å bli melde inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Frist for å melde inn er 3 månader etter at rapport er godkjend av uavhengig kvalitetssikrar eller oppdragsgjevar. Det som blir meldt inn vil bli teknisk gjennomgått av NVE, som deretter oppdaterer den offentlege kartdatabasen. NVE gjennomfører ingen fagleg kontroll eller vurdering av det som blir meldt inn før det blir lagt ut. Vi ynskjer framleis å få inn naturfareutgreiingar bestilt før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnst her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

NVE si oppfølging av planarbeidet

Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Kopimottakarar:



STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
ÅLESUND KOMMUNE



MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
Postboks 2500
6404 MOLDE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Yngvild Meinseth, 71 25 85 18

Ålesund kommune

Detaljregulering for del av fv 659 - Finnøybrua - gnr803 bnr206 m.fl.

Uttale til varsel om oppstart

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for del av fv659 – Finnøybrua, er sendt på oppstart. Målet med planarbeidet er å legge til rette for erstatning av dagens bru på fv659 mellom Harøya og Finnøya.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Varsel om oppstart er godt førebudd, med grundig referat frå oppstartsmøte med planmyndigheit Ålesund kommune og detaljert skildring av planarbeidet. Statsforvaltaren har ikkje vesentlege tilføyingar så langt, men vil understreke nokre punkt.

Natur- og miljøvern

Vi er usikre på korleis ein tenkjer kring kva opning som blir att etter etablering av ny bru med tilhøyrande landkar, men føreset at gjennomstraumingsvolum i snittet mellom sjøbotn og vassflate minimum oppretthaldast.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Plan for tilnærming til denne tematikken er skildra i oppstartsframlegget. Vi gjer merksam på DSB sin rettleiar [Havnivåstigning og høye vannstander | Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap](#), som gir råd om korleis ein kan gå fram for å få oversikt over risiko og sårbarheit når det gjeld havnivåstigning og stormflod.

Konklusjon

Vi ber om at merknadane i fråsegna blir teke omsyn til vidare i planarbeidet.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Yngvild Meinseth
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Ålesund kommune
STATENS VEGVESEN
Kystverket
Fiskeridirektoratet

Postboks 1521
Postboks 8142 Dep
Postboks 1502
Postboks 185 Sentrum

6025	ÅLESUND
0033	OSLO
6025	ÅLESUND
5804	Bergen



Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500

6404 MOLDE

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
25/51656-2

Dykkar referanse:
24/9459

Vår dato:
24.03.2025

Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid – Ålesund kommune – Detaljregulering for del av Fv. 659 – Finnøybrua – gnr. 803 bnr. 206 m.fl. – PlanID 2024005690

Vi viser til brev av 19.02.2025

Saken gjeld

Møre og Romsdal fylkeskommune har varslet oppstart av detaljregulering av Finnøybrua. Formålet er å erstatte eksisterende bru og forbedring av kurvaturen.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Meir for pengane
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Bidra til oppfyljing av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde og enklare reisekvardag
- Auka konkurranse for næringslivet

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettlet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheiter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Våre innspel

Vegstrekninga ligg utanfor tettbygd strøk. Det blei i 2024 fatta eit vedtak om særskilt fartsgrense på strekninga til 50 km/t, der ein argumenterer for vegen sin avvikande utforming og kurvatur. I oppstartsvarslet går det fram at ein skal legge dimensjoneringsklasse Hø2 i N100 til grunn for planlegginga, og løysinga frå tilgrensande reguleringsplan i sør, areal til fiskeriretta næringsverksemd, skal vidareførast. Hø er ein dimensjoneringsklasse som er dimensjonert for fartsgrense 60 km/t, og skal brukast på strekningar der arealdisponeringa eller aktiviteten langs vegen gjer at ein må sette fartsgrensa til 60 km/t. Innanfor den nemnde reguleringsplanen i sør har ein planlagt for eit tosidig utbyggingsmønster og fleire avkøyrslar, men dette er ikkje tilfelle langs moloen vidare nordover mot Finnøya. Sjølv om dette er ein relativt kort strekning, vil ein veg her med god kurvatur kunne innby til høgt fartsnivå. Vi forutsett at ein ved full utbygging legg opp til fartsgrense i tråd med valt dimensjoneringsklasse slik det går fram av kapittel 11.1.4 i N300.

Vi vil også peike på at nemnde reguleringsplan i sør legg opp til gang- og sykkelveg, og ikkje fortau. Fortau er i utgangspunktet eit gateelement og kan ikkje anleggjast på strekningar med fartsgrense høgare enn 50 km/t.

Ovannemnde, og eventuelle fråvik, er forhold som må drøftast og komme tydeleg fram i plandokumenta.

–

Slik vi oppfattar oppstartsvarslet skal ein ikkje bygge heile vegstrekninga no, men bere brua og løysing for mjuke trafikantar over den. Ein bør i da i reguleringsplanens planbeskriving vise korleis ein tenker å gjennomføre første byggesteg.

Konklusjon

Vi har ikkje fleire innspel i denne fasen av planlegginga, men ber om at dei forholda vi tak opp over blir tatt med i arbeidet med reguleringsplanen.

Transportforvaltning midt
Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Mottakere:

Sunniva Bentsen Eide	Plan og bygning
----------------------	-----------------

Vår referanse:
24/5690, 25/24419Arkivkode:
L13Dato:
25.03.2025**Innspill, kommuneoverlegens uttalelse - Varsel om oppstart av
reguleringsplanarbeid - Ålesund kommune - Detaljregulering for del av
Fv. 659 – Finnøybrua - gbnr. 803/206 m.fl.**

Vi viser til innspill gitt i oppstartsmøtet 22.01.2025. Ut ifra sine ansvarsområder har ikke kommuneoverlegen øvrige innspill til planen på nåværende stadium i prosessen.

Uttalelsen er gitt i samsvar med § 5 i forskrift om miljørettet helsevern av 25.04.2003, med hjemmel i lov om folkehelsearbeid av 24.06.2011 §§ 4, 8 og 33.

Med hilsen
Olav Mestad
kommuneoverlege
Strategi og styring

Else Jorunn Strømsheim
rådgiver
Strategi og styring

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Mottakere:

Sunniva Bentsen Eide	Plan og bygning
----------------------	-----------------

Vår referanse:
24/5690, 25/25057Arkivkode:
L13Dato:
19.03.2025**Innspill - VA - Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Ålesund kommune - Detaljregulering for del av Fv. 659 – Finnøybrua - gbnr. 803/206 m.fl.**

Det vises til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for del av Fv. 659 – Finnøybrua.

Virksomhet for vann og avløp har gjennomgått planinitiativet og har ingen merknader til saken. Vi viser til referatet fra oppstartsmøtet, hvor det fremgår at hensyn til vann- og avløpsforhold er ivare tatt.

Med hilsen
Magne Blindheim
ingeniør
Vatn og avløp

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Referatsaker**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Elin Moen

E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Arkivsak: 25/4863

Journalpost: 25/34658

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
017/25	Kommunedelsutvalet Sandøy	24.04.2025

Underliggende saker:

Saksnummer:	Tittel:
002/25	Informasjon om rutekutt buss fra 1. mai 2025
003/25	Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Ålesund kommune - Detaljregulering for del av Fv. 659 – Finnøybrua - gbnr. 803/206 m.fl.

017/25 - Kommunedelsutvalet Sandøy**Vedtak:**

Refererte saker vert tatt til orientering med slike uttalar:

Sak 002/25:

Det er svært uheldig at vi mistar alle bussrutene på laurdag. Det bør vere eit kollektivt tilbod som gjer det mogleg å reise frå vår kommunedel til kommunesenteret, også på laurdag.

Sak 003/25:

Brua er i svært dårleg forfatning, og vi håper prosessen går raskt.

Vi ønsker oss:

- Ein universelt utforma fiskeplass på moloen ved brua med parkeringsmoglegheiter.
- Forholda for dei mjuke trafikantane må vektleggast. Dette er for dårleg i dag.
- Vegen må vere brei nok til at to store køyretøy kan møtast på brua.

Behandling:

Uttale til RS 002/25 - Kutt i rutetilbodet - felleforslag:

Det er svært uheldig at vi mistar alle bussrutene på laurdag. Det bør vere eit kollektivt tilbod som gjer det mogleg å reise frå vår kommunedel til kommunesenteret, også på laurdag.

Uttale til RS 003/25 - Detaljregulering for Finnøybrua - felleforslag:

Brua er i svært dårleg forfatning, og vi håper prosessen går raskt.

Vi ønsker oss:

- *Ein universelt utforma fiskeplass på moloen ved brua med parkeringsmoglegheiter.*
- *Forholda for dei mjuke trafikantane må vektleggast. Dette er for dårleg i dag.*
- *Vegen må vere brei nok til at to store køyretøy kan møtast på brua.*

Votering:

Dei to fellesforslaga til uttale vart samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling:

Refererte saker vert tatt til orientering.